




# Handlingsplan for trivsel, og eit godt fysisk og psykososialt miljø.



## Vang barne- og ungdomsskule.

November 2012, revidert okt. 2017

## **Innhald**

Overordna mål.....	3
1. Førebygging.....	4
1.1 God skulestart og førebudde overgangar .....	4
1.2 Klassen som kjernearena.....	4
1.3 Miljøskapande aktivitetar på skulenivå.....	5
1.4 Sikring av andre arenaer enn klasserommet.....	5
1.5 Samarbeid skule-heim .....	6
1.6 Informasjon til føresette og dei andre partane i skulemiljøet: .....	6
2. Avdekking av mobbing .....	8
2.1 Elevsamtaler .....	8
2.2 Synlege vaksne .....	8
2.3 Trivselsundersøkingar .....	8
2.4. Stimulering av leikebehov og forskartrong .....	8
3. Problemløysing ved mobbing.....	9
3.1. Ansvar og rutinar for tiltak og informasjon.....	10
4. Planen sin kontinuitet.....	11

## **Overordna mål:**

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.» (Opplæringslova § 9A-2)

## **Nulltoleranse og systematisk arbeid:**

«Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.» (Opplæringslova § 9A-3)

For oss betyr dette mellom anna:

- Alle skal oppleve tryggleik på skulen.
- Alle skal føle seg respekterte, likeverdige og inkluderte.
- Alle tilsette i skulen skal ha positive haldningar til barn og ungdom.

## **1. Førebygging**

### **Mål:**

Byggje opp gode relasjoner mellom partane i skulesamfunnet.

- gode relasjoner mellom tilsette og elev.
- gode relasjoner mellom elevane i kvar klasse og mellom elevane i ulike klasser.
- gode relasjoner mellom tilsette og dei føresette
- gode relasjoner mellom dei vaksne på skulen
- Skape positive felles aktivitetar og opplevingar

Eit opent og aktivt samarbeid mellom skulen og heimen som er prega av respekt, tillit og samarbeidsvilje.

Ein trygg og føreseieleg skulestart og ein trygg skulekvardag for alle elevane og for kvar klasse.

- gode overgangar:
  - mellom barnehage og skule
  - mellom småskule og mellomsteg
  - mellom barneskule og ungdomsskule
  - mellom ungdomsskule og vidaregåande skule
- lærar viser tydeleg leiing som gjer at klassa blir opplevd som ein trygg stad for alle elevane
- fokus på og sikring av "utsette" arenaer som garderobe.

### **1.1 God skulestart og førebudde overgangar**

- Ha rutinar for å ta imot nye elevar. (informasjon, mottaking, fadderar)
- Samarbeid mellom barnehage og skule om foreldremøte for 6-åringane våren før skulestart med informasjon om plan for skulebesøk og overgangsmøte. Besøke skulen minst 4 gonger våren før skulestart.
- Overgangssamtaler ved byte av kontaktlærar.

### **1.2 Klassen som kjernearena**

- Fokus på klasse- og skolemiljø. Kvar klasse skal ha eit regelsett som skal bidra til å skape eit godt klassemiljø. Desse reglane skal utformast i samarbeid mellom kontaktlærar og elevar. Reglane skal innehalde punkt som tener til å utvikle klassemiljøet i positiv retning. Omgrep som mobbing, diskriminering og digital mobbing skal ein diskutere og få ei felles forståing av. Kontaktlærar samtalar jamleg med klassen om miljøet.
- Ordensreglar og klassemiljø skal vera eit fast tema på foreldremøte. Sikre god klasseleiing frå starten av skuleåret – tydelegheit, struktur, forventningar om arbeidsinnsats. Lærar må skape tryggleik og stille krav, vere konsekvent og føreseieleg.
  - Alle helsar på kvarandre fyrste gong dei ser kvarandre om dagen.

- Alle skal bli sett og hørt gjennom dagen.
- Elevar som av spesielle grunnar må ha andre grenser, får dette. Dei andre elevane og deira føresette bør om mogleg få vite kvifor.
- Rektor skal vere synleg i skulemiljøet.
- Bevisstgjera elevane på at dei også har ansvar for at alle har det bra.
- Dei vaksne rettleier elevane i god sosial samhandling.
- Klassemiljø må være eit jamleg tema på møte der lærarane på klasseseteget møtest.
- Jamleg bevisstgjering og kompetanseheving av lærarstaben i tema læringsmiljø, m.a. klasseleiing og relasjonskompetanse.

### **1.3 Miljøskapande aktivitetar på skulenivå.**

- Skulen har nokre faste arrangement og undervisningsopplegg som gir positiv aktivitet og felles opplevingar for klassen og heile skulen. Desse skal ligge inne i skulen sitt årshjul. Arrangementa bør ha innslag som er med på å gi:
  - oppfylling av den generelle delen av læreplanen
  - kontakt mellom elevar på tvers av klasser
  - fysisk aktivitet
  - kjennskap til ulikekulturar og kulturuttrykk
  - kunnskap om lokalmiljø og lokalt naturgrunnlag
- Skulen tek m.a. imot tilbod frå «Den kulturelle skulesekken»
- Gjennomføring av trivsels- /aktivitetsopplegg i friminutt.
- Felles matpause i kantina for 5-10. klasse, i klasserommet for 1-4. klasse
- Miljøskapande tiltak kvart halvår, i regi av foreldre, utanom skuletid
- Eit aktivt og ansvarleg elevråd, Foreldrenes arbeidsutval (FAU), Samarbeidsutval (SU) og skulemiljøutval.
- Generelt forbod mot bruk av mobiltelefon i skuletida

### **1.4 Sikring av andre arenaer enn klasserommet**

- I fora som personalmøte, elevråd og skulemiljøutvalet skal ein jamleg diskutere skulemiljøet for å utvikle felles forståing for korleis ulike situasjonar bør handterast.

- Arbeide for å skape trivsel i friminutta og legge til rette for elevaktivitet. Rutinar og sjekkpunkt for vaksne som har tilsyn.
- Jamleg vurdering av vaksentettleik ute.
- Skuleleiinga skal vere synleg i skudemiljøet.
- Møte og dialog mellom skuleeigar, skule og transportørar om framferd og rutinar knytt til skuleskyssen.

### **1.5 Samarbeid skule-heim**

- Rektor er ansvarleg for at det tidleg i skuleåret blir etablert lovbestemte utval ; Elevråd, Foreldra sitt arbeidsutval (FAU), Samarbeidsutvalet (SU) og Skudemiljøutvalet (SMU). Skudemiljø skal fåtakast opp i alle utvala. Ein skal sikre at skudemiljøutvalet har fått naudsynt opplæring.
- Foreldre/heimar bør snakke positivt om elevar/andre.
- Foreldremøte minst ein gong kvart halvår. Kontaktlærar skal ta kontakt med foreldrekontakt i forkant. Kontaktlærar og foreldrekontakt har ansvar for å utveksle informasjon, ved behov, før møtet. Klassemiljø, med gjennomgang av trivselsplan, skal vere fast tema ein gong i året.
- Utviklingssamtalar skal gjennomførast minst ein gong kvart halvår, seinast innan utgangen av november og april. Eleven sin trivsel og synspunkt på klassemiljø og skudemiljø skal vere faste punkt. Ved initiativ frå skule eller føresette skal møtet kunne gå føre seg utan at eleven tek del.
- Temamøte om skudemiljø skal gjennomførast annankvart år. «Tverrfagleg arbeidsgruppe mot rus» er arrangør
- Nett-vett skal vera eit tema i klassane og på foreldremøte.

### **1.6 Informasjon til føresette og dei andre partane i skudemiljøet:**

Trivselsplanen skal gjerast kjent for foreldra

- Informasjonsbrosyre om Opplæringslova kap. 9A (om elevane sitt skudemiljø) skal gjerast kjend for foreldra ved skulestart om hausten.
- Ordensreglement skal liggje på kjommunen sine heimesider.

- Informasjon om valde foreldrekontakte og skulemiljøutval skal ligge på kommunen sine heimesider
- Informasjon til føresette om resultat frå elevundersøkinga.
- Informasjon om, og drøfting av, resultat frå elevundersøking blant dei tilsette ved skulen og i skulemiljøutvala.

## **2. Avdekking av mobbing**

§ 9 A-4. Skulen har aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø

Alle som arbeider på skolen, skal **følgje med på** om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg. (Opplæringslova § 9A-4)

- Kven har plikt til å «følgje med»? Alle som arbeider eller yter tenester på skulen. Det gjeld m.a. lærarar, assistentar, miljøarbeidarar, skuleadministrasjon, vaktmeistrar, reinhaldarar, praktikantar, og ev. andre som jamleg oppheld seg på skulen. Foreldre og andre som regelmessig følgjer eller hentar elevane på skulen er ikkje omfatta av aktivitetsplikten.
- Korleis følgje med? Alle ved skulen må til ei kvar tid vere årvåkne og aktivt observere korleis elevane ter seg kvar for seg og seg imellom. Skulen har eit skjerpet ansvar overfor elevar med særskilt sårbarheit.

Som ein del av det å følgje med på at alle elevane har det trygt og godt, har skulen etablert faste rutinar som er omtala under. **Merk** likevel at den generelle «følgje-med-plikta» vil vere meir omfattande enn å gjennomføre omtala tiltak/rutinar.

### **2.1 Elevsamtaler**

- Kvar elev skal ha minst ha ein elevsamtale i halvåret. Samtala skal også handle om trivsel.

### **2.2 Synlege vaksne**

- Dei vaksne som har ansvar for tilsyn ute, skal ha på seg ei markering (gul vest) for å gje seg godt synlege. Det skal vere lett for elevar å finne ansvarleg vaksen.

### **2.3 Trivselsundersøkingar**

- Alle klasser, frå og med 5. klasse, skal gjennomføre elevundersøkinga (frå Utdanningsdirektoratet) kvart år. Skulen vurderer behov for ekstra gjennomføring på våren.
- Samtale med tilsvarende tema skal gjennomførast i 1. – 4. kl.

### **2.4. Stimulering av leikebehov og forskartrong**

- Det er viktig at skulen sitt uteområde blir lagt til rette med tanke på leikebehov og forskartrong. Leik er ein sunn aktivitet som er ein føresetnad for eit godt skolemiljø.

### **3. Problemløysing ved mobbing**

- Det er viktig at alle som arbeider i skulen kjenner godt til rutinane rundt tilsyn i friminutta. I dette ligg det at alle må kjenne til tilsynsplan og vite kvar elevane har lov å opphalde seg. I tråd med opplæringslova har alle på skulen plikt til å gripe inn i mobbing.
- Handtering av negativ framferd, og drøfting av omgropa, skal takast opp som tema blant dei tilsette på skulen med jamne mellomrom med mål om å sikre like haldningar og syn, samt lik handtering av situasjonar. Skuleleiinga er ansvarleg.
- Rutinar for handtering av elevar som har særskilde sosiale utfordringar, og treng ekstraordinær oppfølging på grunn av dette, skal vere godt kjent blant alle som arbeider ved skulen med sikte på lik handling frå dei vaksne i tråd med kjende rutinar. Skuleleiinga saman med kontaktlærar er ansvarleg for at alle blir informerte.
- Når det arbeider vikarar i skulen, skal ein så langt det er råd la vedkomande ha tilsyn samstundes med anna fast tilsett person. Skuleleiinga er ansvarleg for å informere vikaren om skulen sine rutinar.
- Rutinar ved tilsyn:

Rutinar:	Tid:	Ansvarleg:
Tilsynsplan skal føreligge NB: Oppdekking ved fråvere.	Ved skulestart. Endringar ved behov.	Inspektør
Vaksen som har tilsyn skal nytte gul vest.	I alle friminutt	Rektor.
Klesklype for å tilkalle hjelp.	I alle friminutt	Rektor
Loggføre observasjonar som kan vekke bekymring.	I alle friminutt	Gje informasjon til kontaktlærar.  Kontaktlærar vurderer, og gjev ev. informasjon til skuleleiinga.

Ved Vang barne- og ungdomsskule nyttar den som har tilsyn,, gul vest. På vesten sit det ei klype. Om ein situasjon oppstår, der det trengst forsterking, skal klypa leverast på lærarrommet av tilfeldig elev. Denne rutinen skal vere godt kjent blant både elevar og tilsette. Kontaktlærar skal informere om/ minne om rutinen fyrste skuleveka kvar haust.

### **3.1. Ansvar og rutinar for tiltak og informasjon**

Skuleleiinga har ansvar for at partane i skolemiljøet har kunnskap om skulen sine reglar. Ordensreglementet er sentralt her.

Den som til ei kvar tid har tilsyn i friminutt skal:

- Vere aktiv, og følgje med på om nokon oppheld seg åleine, eller om nokon blir utsett for krenkande handlingar frå medelevar.
- Engasjere seg når dei kjem opp i situasjonar som verker truande og fornedorande for elevar. Om naudsynt må ein tilkalle hjelp frå andre vaksne.
- Sjå etter kroppsspråk som kan identifisere mobbing
- Rapportere hendingar vidare til kontaktlærar for eleven.

Alle vaksne, også foreldre, som kjem opp i situasjonar i skulegarden som verkar truande eller fornedorande for elevar, skal gripe inn for å stoppe dette.

- Ved avdekking av mobbing:**

1.Undersøking for å sikre faktainformasjon.	Så snart problemet er kjent.	Rektor er ansvarleg. Kontaktlærar, sosiallærar, miljøarbeidar og helseyster kan vere aktuelle samarbeidspartnarar.
2. Fyrste samtale med offer.	Same dag.	Rektor er ansvarleg. Kontaktlærar, sosiallærar, miljøarbeidar og helseyster kan vere aktuelle samarbeidspartnarar.
3. Fyrste samtale med plagar	Same dag.	Rektor er ansvarleg. Kontaktlærar, sosiallærar, miljøarbeidar og helseyster kan vere aktuelle samarbeidspartnarar.
4. Samtale med foreldra til offer.	Same dag.	Rektor er ansvarleg. Kontaktlærar, sosiallærar, miljøarbeidar og helseyster kan vere aktuelle samarbeidspartnarar.
5. Samtale med foreldra til plagar.	Snarast mogleg, helst same dag.	Rektor er ansvarleg. Kontaktlærar, sosiallærar, miljøarbeidar og helseyster kan vere aktuelle samarbeidspartnarar.
6. Skulen lagar ein oppfølgingsplan med tiltak, ansvarsdefinisjonar og evalueringstidspunkt i samråd med foreldra til offer for å sikre skalemiljøet til offeret.	Seinast innan 3 veker.	Rektor.
7. Oppfølgingssamtale med offer	Så snart det er naudsynt	Rektor er ansvarleg. Kontaktlærar, sosiallærar, miljøarbeidar og helseyster kan vere aktuelle samarbeidspartnarar.
8. Oppfølgingssamtale med plagar	Så snart det er naudsynt	Rektor er ansvarleg. Kontaktlærar, sosiallærar, miljøarbeidar og helseyster kan vere aktuelle samarbeidspartnarar.
9. Vidare oppfølging av partane i saka, jf. Oppfølgingsplan.	Når det er naudsynt.	Rektor er ansvarleg. Kontaktlærar, sosiallærar, miljøarbeidar og helseyster kan vere aktuelle samarbeidspartnarar.

- Løysingsfokus skal vere på den som mobbar andre, og konkrete tiltak mot denne.

**Alle elevane er våre elevar!**

- Rektor skal varslast ved alle mobbesaker og tilfelle av trakkassering.

- Desse samarbeidspartnarane skal trekkjast inn ved behov på alle steg:

- PPT
- Helsesøster
- Barnevern
- Andre

#### **4. Planen sin kontinuitet**

- Ansvar for utarbeiding /gjennomføring/revisjon av planen:

Rektor og skuleeigar har ansvaret for oppdatering/revisjon av planen. Planen skal takast opp ved skulestart kvart år.

Elevrådet, Skulemiljøutvalet og dei tilsette tek opp planen til revisjon kvart tredje år.

Vang, 20.10.2017